

Elin Tordis Holmås Fanebust
LINDÅSVEGEN 2088
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15470 - 22/75992

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2022

Du må rette det ulovlege tilfellet - Pålegg om retting og ileyding av tvangsmulkt GBNR 99/1 Våge (Vågseidet) - forsøpling og forureining

Administrativt vedtak: **Saknr: 20/15470**
Tiltak: Bilar, oljesøl, fare for forureining
Byggjestad: Gbnr: 99/1 Våge (Vågseidet)
Tiltakshavar: Elin Tordis Holmås Fanebust

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 37 første ledd krev kommunen opprydding av forsøpling og innføring av tiltak for å redusere faren for forureining. Frist for opprydding er satt til 15.11.2022.
Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ileyding av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor kr. 10.000,- og løpende dagmulkt stor kr. 200,- dersom området ikkje vert rydda omgåande, og kommunen ikkje har motteke biledokumentasjon på dette innan 15.11.2022.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ileyding av tvangsmulkt

Saksutgreiing

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om opprydding av 21.06.2022, med frist for retting innan **01.09.2022**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ileyding av tvangsmulkt

Det dreiar seg om fleire omstende i dette tilhøve; reell forureining , fare for forureining i framtida, visuell forureining og forsøpling .

Det er registrert ulovleg lagring av fleire bilvrak og bildelar på eigedomen din, gnr. 99, bnr.1. Den ulovlege oppbevaringa er i strid med forureiningslova § 28, første ledd, «(I)ngen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet».

Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensing» utan at det er gjeve løyve til det. Ein kvar gjenstand i metall som blir hensatt, vil før eller sidan rusta opp, og miljøskadelege stoff vil bli tilført grunnen. Oppbevaringa av gjenstandane er nok til at dei er rein miljøforureining i dag og vil vera ein fare for forureining ein gong i framtida dersom dei blir liggjande länge.

Den som har brote forsøplingsforbodet i forureiningslova, plikter av eige tiltak å sørge for opprydding, jfr. lovas § 28 siste ledd, «Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding». Alver kommune har etter forureiningslova § 37 mynde til å gje pålegg til den som har etterlatt, tömt eller oppbevart avfall i strid med § 28, om å fjerne dette avfallet.

Det er registrert 2 bekymringsmeldingar om oljesøl på eigedomen med gbnr 99/1. Eigedomen har avrenning til Eidsvatnet som er ei reservevasskjelde for Litla vassbehandlingsanlegg. Slik situasjonen er no, anser kommunen risikoen for forureining av grunnen og vatnet til å være uakseptabelt høg.

Det er forureinar sitt ansvar å sørge for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande eller medfører fare for ureining. Grunnboka visar at det er du som er eigar av eigedomen, og kommunen rettar difor pålegg til deg.

Dersom kommunen innan **15.11.2022** ikke har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå deg med opplysningar om at bilvraka og bildelane det er snakk om er blitt fjerna eller flytta og at det er innført tiltak som sikrar kontroll ved mottak av bilvrak, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfyllbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulka kan inndragast utan opphold av Statens innkrevingssentral.

Tilbakemelding

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnera det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved bilet dokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilet sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7
- Plikt til å unngå forsøpling følgjer av forureiningslova § 28
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfyllbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndragast utan opphold av Statens innkrevingsentral.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15470

Med vennleg helsing

Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt - fare for forureining - gbnr 99/1 Våge

Mottakarar:

Elin Tordis Holmås Fanebust

LINDÅSVEGEN
2088

5955

Lindås